

Saksprotokoll

Formannskapet og
næringsutvalet

27.01.2021

Sak: 9/21

Tittel: Saksprotokoll - Drøftingar og innspel, formannskapet 27.01.21

Arkivsak: 21/177

Behandling:

DAGSORDEN:

09.00 -14 Kommunestyresalen.

-jf vedlagt sakliste og drøftingar.

-09.00 – 11.00 Sakshandsaming, orienteringar.

-Synfaring nyanlegg Grandmo 11.00

-12.10 – 12.30 lunsj.

-12.30 – 14.00 Sakshansaming, orienteringar.

DRØFTINGAR I MØTE – Tema m/innleiingar og ev innspel frå formannskapet:

- Verdsarvarbeidet. I tilknytning til saka om buffersoneplan Ornes orientering omkring fleire at tiltaka omkring «Verdsarven.» (Knut Vidar, Sofie og Torunn deltok.)... Lokalsamfunnstiltak – synlegheit – og kunnskapsspreiing er forankring for 6 prosjekt der det og vert søkt ekstern finansiering.
- Årsrapportarbeidet 2020. Ei del sentrale resultat i årsrekneskapen vart referert. For tidleg å prognosere resultat, men resultat vert vesentleg betre enn prognose i september la til grunn. Frist for avlegging av rekneskap er 22.02. Ferdigstilling av budsjett 2021 vart referert, jf sak 06/21. (Svein deltok.)
- KPS – Temadag i kommunestyret 04.02. Skisse til program vart lagt fram og drøfta. Ordførar/rådmann tek med seg innspela og sender ut innkalling. Om det grunna Korona ikkje vert tilrådd fysisk møte så vert møte utsett /ikkje aktuelt med Teams. Det vert ikkje vedtakssaker i dette kommunestyremøte.
- Ny barnehagelov. Det vart informert om endringar i barnehagelova. Det vart særskilt peika på forholdet mellom eigarrollen og mynderollen der kommunen er/vert pliktig å ha «armlengdes» avstand mellom rollane. Spesielt for mindre kommunar vert dette krevjande. (Knut Åge deltok)

OPEN POST: (merknader og spørsmål frå medlemmane.)

- Spreiing av usanne påstandar, sjikane av politikarar. (ikkje off.)

Vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.
